

MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Møtestad: **Tingsalen**
Møtedato: **24.09.2009** Tid: **13:00**

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr. Tittel
36/09	09/488 Orienteringar
37/09	09/478 NYBØ BARNEHAGE - RENOVERING OG UTBYGGING
38/09	06/710 NY 132 kV KRAFTLEIDNING FRÅ FJÆRLANDSFJORDEN TIL GRINDSDALEN - KLAGE PÅ VEDTAK OM KONSESJON
39/09	09/407 Krav om ny handsaming av sak nr. 20/2009 - Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger
40/09	09/408 Innbyggjarinitiativ - kommunelova §39
41/09	09/290 Rekneskapsrapport 2.tertial 2009

36/09

Tema

1. Orientering om "Organisering av lokalt reiseliv" v/ Jack Eggum og reiselivssamarbeidet Luster og Sogndal.
2. Sentrumplassen i Hermansverk. Status og vidare framdrift.
3. Gml. Leikanger sjukeheim – initiativ til sal og ombygging.
4. Omstillingsprosjektet – oppfølging av KS sin tenestegjennomgang.
5. Investeringsprosjekta "Garderobeanlegg barneskulen" og "C-fløya ungdomsskulen". Status.
6. Kontrollutvalet, sak 12/2009, vedtak om å utsetje selskapskontroll til 2010. vedl.
7. Orientering om opplegget for symjeopplæring.

HANDSAMING:

VEDTAKET / FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder etter dette slik:

1. **Orientering om "Organisering av lokalt reiseliv" v/ Jack Eggum og reiselivssamarbeidet Luster og Sogndal**
2. **Sentrumplassen i Hermansverk. Status og vidare framdrift**
3. **Gml Leikanger sjukeheim – initiativ til sal og ombygging**
4. **Omstillingsprosjektet – oppfølging av KS sin tenesteanalyse.**
5. **Investeringsprosjekta "Garderobeanlegg barneskulen" og "C-fløya ungdomsskulen". Status**
6. **Kontrollutvalet,sak 12/2009, vedtak om å utsetje selskapskontroll til 2010. Vedl**
7. **Orientering om opplegget for symjeopplæring.**

37/09

NYBØ BARNEHAGE - RENOVERING OG UTBYGGING

HANDSAMING:

Repr. Astri Taklo (V) gjorde framlegg om fylgjande tillegg i punkt i 2 tilrådinga:

Gjennom vidare planprosess skal særtekka ved bygningane og deira plassering i tunet takast omsyn til.

Avrøysting:

Det vart først røysta over tilleggsframlegget frå Astrid Taklo (V)

Tilleggsframlegget vart vedteke med 16 mot 1 røyst.

Det vart så røysta over rådmann si tilråding med tilleggsframlegget frå Astrid Taklo (V)

Vedtak:

Tilrådinga frå rådmann med tilleggsframlegget frå repr. Astri Taklo (V) vart samrøystes vedteke.

VEDTAKET lyder etter dette slik, samr:

Kommunestyret vedtek at dei avsette 300.000 kr til utarbeiding av statusrapport for Nybø barnehage vert brukt til oppstart av renovering av bygget.

Vidare utbygging av barnehagen vert å detaljplanlegga og lagt fram for kommunestyret som eiga sak. Gjennom vidare planprosess skal særtekka ved bygningane og deira plassering i tunet takast omsyn til.

Gjennom byggjeprosessen skal ein sikra at tilhøva knytt til fukt og muggsopp i bygget vert forsvarleg utbetra.

Kostnadene vert å innarbeida i økonomiplanen for 2010 - 2013.

38/09

NY 132 kV KRAFTLEIDNING FRÅ FJÆRLANDSFJORDEN TIL GRINDSDALEN - KLAGE PÅ VEDTAK OM KONSESJON

HANDSAMING:

Repr. Jan Sigurd Haugen SV sette fram fylgjande endringsframlegg:

- a) Ny 1. setning i 3. avsnitt: Andre alternativ er ikkje vurdert, og

b) 4. avsnitt utgår.

Avrøysting:

Det vart først røysta over endringsframlegga frå Jan Sigurd Haugen (SV)

a) Ny 1. setning i 3. avsnitt: Andre alternativ er ikkje vurdert ,og ...
Samrøystes vedteke.

b) 4. avsnitt utgår.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Ved endeleg avrøysting vart det røysta over rådmann si tilråding med dei endringane som er vedtekne over. Framlegget vart samrøystes vedteke.

VEDTAKET lyder etter dette slik, samr:

Leikanger kommunestyre klagar på NVE sitt vedtak av 29.06.09 om konsesjon til Sognekraft AS for bygging av ny 132 kV kraftleidning frå Fjærlandsfjorden til Grindsdalen.

Leikanger kommunestyre syner til sine tidlegare fråsegner i saka og kan ikkje godta at den mest unike villmarka i kommunen totalt vil verta dominert og endra av denne kraftlinja. Verdien av dette området vil auka i framtida, og kan ikkje verta ofra på grunn av ein økonomisk gevinst frå ei avgrensa kraftutbygging.

Andre alternativ er ikkje vurdert, og teknologien kring kraftoverføring er under stadig utvikling og det vil vera eit stort feilgrep å byggja denne linja når ein kan føra krafta frå utbyggingane langs Fjærlandsfjorden fram til hovudnettet på anna måte.

39/09

Krav om ny handsaming av sak nr. 20/2009 - Søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjaelvi og Grindselvi i Leikanger

HANDSAMING:

Handsaming

Framlegg frå Arne Monrad Johnsen på vegne av Leikanger SP, Leikanger SV, Leikanger V og tre representantar frå Leikanger AP (Tobias Dahle, Liv Bulling og Bjarne Asperanden Sjøthun)

1. Klagen på handsaminga av Sak nr. 20/2009 – søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjadalen og Grindselvi i Leikanger vert teken til fylgje.
2. Saka blir teken opp til ny handsaming.
3. Før saka kjem opp til ny handsaming vert det ført nye forhandlingar med Sognekraft om ein ny og betre utbyggingsavtale.
4. Nytt forhandlingsutval under leiging av ordføraren er.
Ordførar Olav Lunden – Leikanger AP
Ole Simen Nesdal – Leikanger SP
Tobias Dahle Leikanger AP
Dina Lefdal – Leikanger V
5. Forhandlingsutvalet legg fram forslag til mandat i neste kommunestyremøte.

Avrøysting:

Framlegget frå repr. Arne Monrad Johnsen m.fl. vart sett opp mot tilrådinga frå rådmann.

Vedtak:

Framlegget frå repr. Arne Monrad Johnsen m.fl. vart vedteke med 10 mot 7 røyster

VEDTAKET / FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder etter dette slik:

1. **Klagen på handsaminga av Sak nr. 20/2009 – søknad om konsesjon til kraftutbygging i Henjadalen og Grindselvi i Leikanger vert teken til fylgje.**
2. **Saka blir teken opp til ny handsaming.**
3. **Før saka kjem opp til ny handsaming vert det ført nye forhandlingar med Sognekraft om ein ny og betre utbyggingsavtale.**
4. **Nytt forhandlingsutval under leiging av ordføraren er.**
Ordførar Olav Lunden – Leikanger AP
Ole Simen Nesdal – Leikanger SP
Tobias Dahle Leikanger AP
Dina Lefdal – Leikanger V
5. **Forhandlingsutvalet legg fram forslag til mandat i neste kommunestyremøte.**

40/09

Innbyggjarinitiativ - kommunelova §39

HANDSAMING:

Framlegg frå repr. Dina Lefdal (V)

Folkeavstemning skal gjennomførast etter at nytt framlegg til utbyggingsavtale ligg føre, og før sak 20/2009 vert handsama på nytt.

Avrøysting:

Framlegget frå repr. Dina Lefdal (V) og tilrådinga frå rådmann vart sett opp mot kvarandre

Vedtak:

Tilrådinga frå rådmann vart vedteken med 11 mot 6 røyster

VEDTAKET / FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder etter dette slik:

Leikanger kommunestyre vedtek at kravet om folkeavrøysting blir avvist. Kommunestyret grunnjev vedtaket med at kravet gjeld konkret sak som kommunestyret handsama seinast 9 juni 2009 som ligg innanfor denne valperioden. Kommunelova § 39 a regulerer at det ikkje kan gjennomførast folkeavrøysting på sak som har same innhald som ei sak kommunestyret har handsama i løpet av same valperiode.

41/09

Rekneskapsrapport 2.tertial 2009

HANDSAMING:

VEDTAKET / FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder etter dette slik:

Rapporten vert teken til etterretning.